



KOSTVEIT HALVOR O  
Totakvegen 190

3864 RAULAND

### Delegert sak nr. 18/151

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
LASSEMA	2018/452	5784/2018	SA5	15.03.2018

## 138/1 - Svar på søknad om snøskuterløyve til utmarksnæring

### Dokument i saka:

Søknad 16.02.18

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, LOV-1977-06-10-82

Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, FOR-1988-05-15-365

Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova, PS 119/2016

Naturmangfoldslovas §§ 8 – 12

### Bakgrunn:

Knut H. Kostveit søker om løyve til transport i samband med drift av utleigehytter og hytte tilhørande garden. Dette gjeld køyring i samband med vedlikehald, ved køyring og transport av leigetakarar.

Området det her gjeld er Haddlandsheiane, der det ligg føre ei avtale i grunneigarlaget om felles snøskuterveg inn i terrenget.

Søkjær er fastbuande i Vinje, og i medhald av § 5 bokstav d) i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, og kommunen sine retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova, kan det gjevast løyve til transport i samband med utmarksnæring. Løyvet kan gjevast for 4 år om gongen.

### Vurdering:

Knut H. Kostveit er eigar av gnr/bnr 138/1, 138/6, 138/9 og 138/35. Drift av desse eigedomane krev løyve til køyring med snøskuter, i samband med vedlikehald, ved køyring og transport av leigetakarar. Søknaden er vurdert slik at skadeverknadene ikkje er større enn at dei kan forsvarast av nytten av transporten.

Løyvet blir gjeve for 4 år, med utgangspunkt i felles trasé til hyttene på heia.

### Einingsleiar sitt vedtak:

Jfr § 5 d) i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag blir Knut H. Kostveit sin søknad om løyve til utmarksnæring innvilga. Løyvet gjeld for 4 år, fom 19.03.2018 – til fyrste måndagen i mai 2021.

Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg. Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigarar før transporten skjer. Løyvet gjeld for ein snøskuter.

Løyvet skal alltid vere med transporten og visast fram ved kontroll.

Transporten skal nytte traseén vist i kartet som fylgjer løyvet.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.

Transporten skal reduserast til eit minimum.

Køyring skal skje så skånsamt som mogleg.

Med helsing

Knut Martin Edland  
nærings sjef

Lasse Mathisen  
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Statens naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Telemark politidistrikt	Postboks 47	3701	Skien



## Løyve til utmarksnæring

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav d)

### Løyvet gjeld for:

Løyvet disponerast av Knut H. KØstveit

Traseèn som skal nyttast er avmerka på kartet

Løyvet gjeld for 4 år frå og med 19.03..2018


Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring forbode.

Løyvet gjeld transport av personell og utstyr for verksemda.

**Løyvehavar er sjølv ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.**

### Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for ein snøskuter
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll.
- Ferdslar skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.



Dato

Kommunens underskrift

Stempel